

**Johannes Bondhus har sendt oss dette om Gustav Bergstøs siste besøk i Mauranger:**

Gustav Bergstø (87) i Mauranger sist laurdag med Jan Arild frå Uskedalen på fanget. (Foto: Johannes Bondhus)

"Då me slo på radioen tidleg måndag morgon, fekk me vita om den triste hendinga. Me tenkte med ein gong på Gustav, det er ikkje så mange langs vegen på den tida. Seinare på dagen fekk me vita at det var han.

Mindre enn to dagar før hadde han sin siste tur til Mauranger og oss. Laurdag føremiddag kom han oppom. Han var i eit strålande humør og såg godt ut etter turen i Syden.

Den dagen hadde me huset fullt av småtassar, han helsa oppi handa på alle, spurde kor gammal ein var. Då han svara tre år, var han kvikk til å seia "då er eg mesta tredve gonger så gammal". Han hadde kontakt straks, som alltid elles, og særleg med dei unge, fortalde om nye planar, den flotte turen til Syden og han gledde seg til boka som Gausvik har skrive, som han diverre ikkje får sjå.

Så fekk han litt fersk torsk, lever og rogn som me hadde i kjøleskapet, det beste han hadde smaka på lenge. Og så var det full fart rett vidare.

Me har masse gode minner om Gustav, og svært mange kan nok sei "han var vår venn då vi var barn". Biletet er teke laurdag av Gustav og ein av dei minste i Uskedalen, Jan Arild Bondhus Vivelid.'